




ALVER
KOMMUNE

Vår kommune, vår framtid

Kommuneplanen sin samfunnssdel 2022-2034

Høyringsutkast

Formannskapet, 11. november 2021



Innhald

1. Ordføraren om framtida	3
2. Slik brukar du samfunnsdelen.....	4
2.1 Kva er ein kommuneplan?	4
2.2 Kva er det aller viktigaste?.....	5
2.3 Berekraftig utvikling, kva betyr det for oss?	5
2.4 Kommunen si rolle.....	6
3. Folk om framtida	7
3.1 Over 1000 har bidratt til planen.....	7
3.2 Dette er folk opptatt av	8
4. Våre utfordringar og fortrinn.....	9
5. Dette skal vi satse på mot 2040	12
5.1 Vår framtidvisjon for Alver.....	12
5.2 Våre mål og vegval	14
5.3 Slik skal vi jobbe for å nå måla	21
6. Prinsipp for arealbruk	23
6.1 Innleiing.....	23
6.2 Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging	23
6.3 Prinsipp for senterutvikling	25
6.4 Prinsipp for klimavenlege transportløysingar	30
6.5 Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanen sin arealdel	31

1. Ordføraren om framtida



Kjære alverbu,

Gratulera med Alver kommune sin aller første kommuneplan, og takk til deg som leser desse orda! Eg håpar du blar om og blir med til siste side i planen. Og etter at du har lese, ønskjer eg å utfordre deg til å tenke gjennom: Korleis kan du bidra til å nå måla i planen – korleis kan vi nå dei ilag?

Kommuneplanen er ikkje berre dei tilsette eller politikarane sin plan. Vi som jobbar og er politikarar i kommunen skal sjølvsgåt bruke han aktivt, men vi håpar at også du som bur og driv næring her vil bruke planen og bidra til utviklinga av kommunen.

Sidan framtida til Alver er framtida vår, har det vore viktig å lytte til folk i alle aldrar og alle delar av kommunen vår i arbeidet med planen. Innspela vi har fått visar at vi allereie har mykje å vere stolte av – og byggje vidare på!

Vi har levande lokalsamfunn og engasjerte innbyggjarar som bryr seg - om kvarandre og kommunen sin. Vi har dyktige bedriftsleiarar som satsar og tenkjer nytt. Vi har ein spennande og variert natur.

Eg er spent på og optimistisk for framtida til Alver og gler meg til å vidareutvikle kommunen – ilag med deg.

Sara Hamre Sekkingstad
Ordførar



Foto: Ola Moen

2. Slik brukar du samfunnsdelen

2.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er ein plan for korleis vi skal utvikle kommunen dei neste 12 åra. Planen består av to delar:

- **Ein samfunnsdel** som seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida - og kva vi må gjere for å kome dit.
- **Ein arealdel** som seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Dette er kommuneplanen sin samfunnsdel, den første samfunnsdelen til Alver kommune. Retninga vi har staka ut i denne planen blir følgt opp med tiltak i kommunedelplanar og andre temaplanar.

2.2 Kva er det aller viktigaste?

Med denne samfunnssdelen skriv vi det første kapittelet i historia til Alver kommune.

Planen teiknar eit bilet av visjonen vår – kva samfunn vi ønskjer at Alver skal vere.

Planen har fire hovudmål som du kan lese meir om i kapittel 5.

Den første delen av kapittelet skildrar framtidsvisionen vår:

«Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.»

2.3 Berekraftig utvikling, kva betyr det for oss?



FN sine berekraftsmål

Kommuneplanen vår er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling. Kva betyr dette, eigentleg? Med berekraftsmåla vil vi skape ein ny dimensjon i teneste- og samfunnsutviklinga vår. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til oss som lever i dag, utan at det går ut over komande generasjoner.

Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utlikna ulikskapar og stoppe menneskeskapte klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng.

Vi skal sikre **sosial berekraft** ved at innbyggjarane i Alver opplever fellesskap og tilhøyrigheit til nærmiljøet og lokalsamfunnet dei bur i. Attraktive senter og aktive lokalsamfunn med møteplassar, lokalt kultur- og idrettstilbod og sosiale nettverk skal bidra til dette.

Vi skal sikre **økonomisk berekraft** ved at næringslivet har gode rammevervilkår til å vekse eller etablere nye næringar. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogleg er i jobb og kan delta i arbeidslivet. Tenestene til kommunen må også vere økonomisk berekraftige.

Vi skal sikre **miljømessig berekraft** ved å ta vare på miljøet og naturen rundt oss. For å oppnå miljømessig berekraft må vi redusere klimagassutslepp, tilpasse oss klimaendringane, bruke areala våre på ein bevisst måte og verne om naturressursane.

Kommunen har allereie ansvar for fleire oppgåver som kan bidra til ei meir berekraftig utvikling. Vi leverer helsetenester, driftar skular og barnehagar, har bustadar til vanskelegstilte, byggjer infrastruktur, sørger for vatn og renovasjon. Vi forvaltar areala våre, sikrar balanse mellom utbygging og grøne areal, og set i verk tiltak for å ta vare på klimaet og miljøet vårt.

2.4 Kommunen si rolle

På vegen mot det samfunnet vi ønskjer oss, skal vi møte og takle fleire, store utfordringar. Nokre av utfordringane delar vi med resten av verda – dei vi kallar for megatrender. Viktige stikkord her er urbanisering, klimaendringar og større sosial ulikskap. Andre utfordringar er våre eigne, og handlar mellom anna om store avstandar og meir bilbruk, utanforskap og omstilling av næringslivet.

Kommunen sjølv er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Vi tar vare på og yter tenester til innbyggjarar med ulike behov, og legg til rette for vekst og utvikling av næringslivet gjennom planlegging og utbygging. I tillegg til å vere **ein tilretteleggjar** kan vi vere **ein aktiv pådrivar** for å utvikle attraktive plassar å bu og attraktive næringsområde. Dette er ei rolle Alver kommune ønskjer å ta.

Skal vi klare å ta ei slik rolle, er vi avhengige av eit samspel med mange aktørar. Vi må tenke nytt om kva som er kommunen sin rolle. Vi må fjerne oss frå den tradisjonelle ideen om at kommunen «berre» skal yte service og tenester og heller sjå kva vi kan få til ilag.

Når vi lanserer denne planen inviterer vi samstundes private bedrifter, opplæringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar, interesseorganisasjonar, kvar enkelt innbyggjar til ein felles, storstilt innsats for framtida til Alver.

3. Folk om framtida



Illustrasjon (bestillingsverk) laga til innspelsperioden vår: Kine Aasbak, Smula Design

3.1 Over 1000 har bidratt til planen

Vi har invitert innbyggjarar, politikarar, lag og organisasjonar og næringslivet til å kome med innspel på ulike måtar.

Vi har fått inn over tusen innspel. Folk har mellom anna sagt kva som er bra med å bu, drive næring, arbeide eller vere frivillig i Alver, og peika på kva som kan bli betre. Medverknadsfasen har handla om å bli kjent med den nye kommunen, kva kvalitetar vi har, kva vi vil ta vare på, kva utfordringar vi har og kva retning vi vil utvikle samfunnet vårt i.

Spørsmåla vi har stilt frå vi starta arbeidet med Alver sin første samfunnsdel har vore:

- Kven er vi?
- Kor skal vi?
- Korleis kjem vi oss dit?

Koronapandemien har ført til fleire digitale løysingar og samtalar enn tidlegare. Dei fleste møta har skjedd på Teams, men vi har også gjennomført ein fysisk turne med inviterte deltakarar til møte i alle dei sju sentera.

Hovudkanalane for innbyggjarar som har ønskt å gi innspel til framtida til Alver har vore:

- Ei digital spørjeundersøking
- Ei digital, kartbasert løysing – «Samfunnsdialog»

Korleis har vi brukt innspela?

Vi har lese alle innspela, og samla dei i rapportar, som politikarane fekk då dei skulle jobbe vidare med samfunnsdelen. På denne måten fekk politikarane i Alver vite kva som er viktig for innbyggjarane og tilsette før dei kom med sine innspel til utviklinga av kommunen vår.

Våren 2021 hadde vi verkstadar med politikarane kor dei fekk diskutere og leggje fram kva dei meiner er kommunen sine største fortrinn og utfordringar. Politikarane fekk mellom anna i oppgåve å prioritere dei fem viktigaste områda dei ønskte endringar innanfor, og diskuterte kva som var kommunen sitt handlingsrom til å gjennomføre endringane. Innspela frå dei politiske verkstadane oppsummerte vi i ein hovudanalyse som har vore grunnlaget for administrasjonen sitt forslag til mål og delmål i høyringsutkastet.

3.2 Dette er folk opptatt av

- **Kven er vi?** Dugnadsånd, samarbeidskultur, fellesskap, naboskap, aktive innbyggjarar.
- **Kva har vi?** Natur, turstiar, fjell, kyst, sjø, kulturlandskap, levande lokalsamfunn, lokal kultur, lag og organisasjonar, sterkt frivilligheit.
- **Kva vil vi?** Attraktive senter, aktive lokalsamfunn, lokal omsorg, lavande bygder, variasjon i bustadtypar, sterkt frivilligheit, breidde i kultur- og idrettstilbod, møteplassar, kollektivtransport, trafikktryggleik.



Foto: Ola Moen

4. Våre utfordringar og fortrinn

- Ung, men aldrande befolkning
- Spreidd busetjing, store avstandar og bilbasert transport
- Senterstruktur
- Små hushald i store bustader
- Sterk frivillighet og deltaking i lag og organisasjonar
- Dei fleste har det godt, men utanforskapet aukar
- Høg verdiskaping, men svak arbeidsplassvekst
- Verdiskapinga er i stor grad knytt til petroleumsverksemd
- Mangel på kompetanse og arbeidskraft, særleg innan helse og omsorg
- Nordhordland er eit biosfæreområde
- Store klimagassutslepp
- Venta tap av arbeidsplassar gir behov for omstilling
- Det er behov for tilbod og opplevelingar som aukar attraktiviteten
- Nærleiken til Bergen gir tilgang på attraktive jobbar og vekst i folketal, men skarp konkurranse om arbeidskrafta
- Ein av Vestlands største landbrukskommunar

I dokumentet frå analysefasen kan du lese meir om fortrinna og utfordringane til Alver.

Rammer for arbeidet og viktige bakgrunnsdokument

- [FN sine berekraftsmål](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)
- [Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017-2028](#)
- [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#)
- [Regional plan for klima 2022–2035 \(planprogram\)](#)
- [Intensjonsavtalen for ny kommune \(2016\)](#)
- [Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling i Alver \(2019\)](#)
- [Scenarioanalyse Nordhordland \(2021\)](#)
- [Planprogrammet til samfunnssdelen \(2020\)](#)
- [Utfordringsnotatet som var grunnlag for Alver sin planstrategi \(2019\)](#)
- [Folkehelseoversikt \(2020\)](#)
- [Kulturundersøking Alver \(2019\)](#)
- [Rapportar og innspel frå medverknadsprosessen](#)



Foto: Ola Moen

5. Dette skal vi satse på mot 2040

5.1 Vår framtidvisjon for Alver

Kva vil vi?

Vi vil at det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune – og ha vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.

Vår framtidvisjon for Alver er bygd på fire hovudmål som fortel kor vi skal vere i 2040:

- Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn.
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklyngje.
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstsvilkår og god helse.

Vi vil at innbyggjarar, næringsliv og tilreisande skal ha eit godt liv i Alver. Oppskrifta på «**det gode liv**» er ulik alt etter kven du snakkar med. For nokon er hovudingrediensen eit trygt og godt nablag, for andre handlar det om spennande jobbmogleheter eller nærliken til fjell og sjø.

Fordelen med kommunen vår er at vi har alle desse kvalitetane.

- Vi har eit internasjonalt næringsliv, som er på full fart inn i **det grøne skiftet**.
- Vi har ein **fantastisk natur**, som er lett tilgjengeleg og inviterer til aktivitet.
- Vi har **levande lokalsamfunn** med ivrige eldsjeler, eit rikt kulturliv og mange tilbod.

Kven er vi?

Pågangsmotet og **dugnadsånda** er noko av det som kjenneteiknar kulturen i regionen vår. Dette er ein unik ressurs, som gjer at vi hevdar oss og får ting til – når vi satsar på noko. Næringslivet vårt på Mongstad er eit eksempel på dette. Korpsmiljøet med fleire av verdas beste korps er eit anna.

Historia vår, naturen vår og ressursane våre er faktisk så unike at verdsarvprogrammet UNESCO har gjort Alver og dei andre kommunane i regionen til eit utstillingsvindauga

for resten av verda. Vi er eit **biosfæreområde**. Statusen er både ei anerkjening og eit ansvar. Med statusen har vi forplikta oss til å utvikle kommunen vår på ein **bærekraftig** måte. Når vi set mål for framtida, må vi ta gode val, som sikrar at også komande generasjonar får nytte og glede av naturen og ressursane våre.

Alver kommune er **ein ny kommune**. Etter samanslåinga mellom Lindås, Meland og Radøy 1. januar 2020, vart kommunen mellom dei største i Vestland fylke – både når det gjeld areal og innbyggjartal. Den stolte og rike arven etter dei tre kommunane er startkapitalen til Alver. Det er viktig for oss å ta vare på og byggje vidare på fortrinna til dei tre gamle kommunane, når vi stakar ut kurset for den nye.

Kva val gjer vi for å oppfylle framtidsvisjonen?

1. Senterutvikling som motor for vekst og utvikling

Vi vil utvikle heile kommunen vår. Vi skal sikre at det blir godt – og attraktivt – å bu og arbeide i alle delar av den nye kommunen. For å få til dette må vi utvikle attraktive senter. Det er viktig for oss at innbyggjarane våre har eit val. Ved å styrke sentera, legg vi både til rette for dei som ønskjer gåavstand til skule, barnehage, fritidstilbod, butikk og andre tilbod – og sikrar samstundes at folk som ønskjer å bu i utkanten har tilbod i nærlieken. Vi vil ha fleire møteplassar som byggjer fellesskap og tilhørighet både til sentera – og på tvers av gamle kommunegrenser. Med denne satsinga blir senterutvikling og senterstruktur ein motor for vekst og utvikling, og vil bidra til aktive lokalsamfunn i heile kommunen.

2. Alver – tyngdepunkt for grøn vekst

Vi vil satse på Mongstad for vidare vekst og utvikling. Mongstad er allereie eitt av dei største og viktigaste næringsområda i Noreg, og ein viktig drivkraft for andre næringar i kommunen. Når bedriftene på Mongstad gjer det bra, gjer butikkar og bedrifter i andre delar av kommunen det bra. Industrien på Mongstad har ein unik kompetanse som er avgjerande i det grøne skiftet. Vi vil halde på og vidareutvikle posisjonen vår og ta leiartrøya i arbeidet med å utvikle nye, berekraftige og grøne næringar. Vi vil – vi kan – og vi har plass til å satse.

3. Eit rikt kulturliv – eit fundament for det gode liv

Vi vil at kulturlivet skal vere ei kjelde for livskvalitet og aktivitet – for alle. Det frivillige og profesjonelle kulturlivet er eit fundament for det gode liv, limet i aktive lokalsamfunn. Vi vil sikre at innbyggjarane våre kan utfalte seg og møtast på arenaer for kultur, idrett og friluftsliv i heile kommunen. Vi ønskjer å stimulere til at særleg barn og unge kan skape, oppleve, delta og få utvikle evnene og talenta sine.

4. Trygge, friske og livsglade innbyggjarar

Vi vil at innbyggjarane våre skal ha det godt. Vi vil sikre at alle innbyggjarar i kommunen kjenner at dei hører til her, kan delta og bidra. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meiningsfylte liv og får den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg.

5.2 Våre mål og vegval

Hovudmål 1: Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn.

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjøre det (vegval)
Ny bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeidsplassar er i hovudsak lokalisert i definerte senter.	Vi skal ha ein tredelt senterstruktur, som skildrar kva rolle og funksjonar dei ulike sentera skal ha. Vi skal byggje vidare på og samle tilbod i sentera. Vi skal ha inkluderande møteplassar og ta vare på natur og friluftsområde i og rundt sentera.

	<p>Vi skal utvikle gode bu- og nærmiljø for dei som bur og lever i sentera.</p>
<p>Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.</p>	<p>Vi skal ha spreidd busetting, og leggje til rette for bustadbygging i alle bygder i heile kommunen.</p> <p>Vi skal gjere det lettare å byggje bustad nummer to på gardsbruk.</p> <p>Vi skal utvikle nærmiljø som inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering.</p> <p>Vi skal ha desentraliserte tenestetilbod.</p> <p>Vi skal støtte opp om eit mangfaldig lags- og kulturliv.</p> <p>Vi skal sikre god internett-tilgang i heile kommunen.</p>
<p>Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjøncære område til fritid og rekreasjon.</p>	<p>Vi skal sørga for ei berekraftig utvikling av strandsona.</p> <p>Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til strandsona.</p> <p>Vi skal gjennom arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, vurdere areal for bustader, fritidsbustader, båtplassar og naust i strandsona.</p>
<p>Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen.</p>	<p>Vi skal utvikle Knarvik til eit urbant sentrum med tilbod og tenester som naturleg høyrer heime i eit regionsenter.</p>

	<p>Vi skal utvikle Knarvik med gode koplingar mellom sentrum, sjøen og turterrenget i områda rundt.</p> <p>Vi skal utvikle Knarvik som eit regionalt knutepunkt for kollektivtransport, med effektive og berekraftige tilbod mellom regionen og Bergen sentrum.</p>
Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.	<p>Vi skal planlegge, utvikle og drifte kommunen slik at vi er klar for å handtere framtidige klimarelaterte hendingar.</p> <p>Vi skal gjøre enklare for innbyggjarane å gå, sykle, nytte kollektiv og nullutsleppstransport.</p> <p>Vi skal satse på gjenbruk, sirkulaærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp.</p>
Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde.	<p>Vi skal ta vare på biologiske mangfald, og aktivt forvalte verdifulle område mot fysiske inngrep og utbygging.</p>

Hovudmål 2: Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklyngje.

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Næringslivet i Alver er mangfoldig og konkurransedyktig.	Vi skal gjøre det attraktivt å drive og etablere verksemder og næringsklynger i Alver.

	<p>Vi skal jobbe for å tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft.</p> <p>Vi skal etablere og vidareutvikle samarbeid mellom kommunen, næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø om kompetanseutvikling og innovasjon.</p> <p>Vi skal jobbe for å etablere utdanningstilbod knytt til behova i næringslivet vårt.</p> <p>Vi skal bidra til utvikling av nye næringar på område der kommunen og regionen har eit fortrinn, til dømes med Mongstad og helsehuset.</p>
Verksemdene på Mongstad/i Fensfjord-bassenget er ei leiande nasjonal industriklyngje for grøn industriutvikling.	<p>Vi skal samarbeide med bedriftene for å sikre rammevilkår for berekraftig industriutvikling.</p> <p>Vi skal ha byggeklart næringsareal med tilhøyrande infrastruktur.</p>
Næringslivet i Alver utnyttar potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område.	<p>Vi skal ha oppdaterte arealplanar for sjø og kystnære område.</p> <p>Vi skal aktivt leggje til rette for berekraftig næringsetablering knytt til sjø, kyst og kystnære område.</p>
Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet.	<p>Vi skal satse på fortetting og utvikling av eksisterande næringsområde med tilrettelagt infrastruktur.</p>
Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert.	<p>Vi skal leggje til rette for aktiv drift av eksisterande landbruksareal.</p>

	<p>Vi skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk.</p> <p>Vi skal støtte utvikling av tilleggsnæringer.</p>
Alver er eit attraktivt reisemål.	<p>Vi skal bidra til at reiselivet utnyttar potensialet til å utvikle og byggje opp nye attraktive opplevelingar</p> <p>Vi skal støtte lokale reiselivsaktørar, og marknadsføre Alver som reiselivsdestinasjon.</p>

Hovudmål 3: Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod.	<p>Vi skal ha tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta innan kultur og idrett.</p> <p>Vi skal sikre ei tilpassa og heilskapleg utvikling av kulturarenaer og idrettsanlegg.</p> <p>Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.</p> <p>Vi skal styrke kulturskulen som ein samfunnsbyggjar og som ein inkluderande og kreativ læringsarena for barn og unge.</p>

	<p>Vi skal styrke biblioteka si rolle som aktiv formidlar og arena for offentleg samtale og debatt.</p> <p>Vi skal styrke fagområda kunst og scene og det profesjonelle kulturfeltet.</p>
Kulturhus og svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerar som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar.	<p>Vi skal samarbeide med fylkeskommunen og andre relevante instansar for å sikre at kulturhuset vert realisert i eit regionalt perspektiv.</p> <p>Vi skal søkje samarbeid med aktuelle stiftingar og andre som løyver midlar til kultur og idrettsanlegg.</p>
Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterkt.	<p>Vi skal støtte frivillig sektor slik at han kan utvikle seg og bidra etter eige ønskje.</p> <p>Vi skal leggje til rette for eit tett samarbeid med frivilligheita for å utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane.</p> <p>Vi skal styrke frivilligsentralen si rolle på følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikle og koordinere det frivillige arbeidet. • vere eit møtepunkt mellom offentlege tenester og det frivillige organisasjonslivet.
Innbyggjarane og besøkande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon.	Vi skal sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen.

	<p>Vi skal legge til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur, og gi god informasjon om tilbodet.</p>
Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.	<p>Vi skal vareta og byggje kunnskap om lokal tradisjonskultur.</p> <p>Vi skal ha ein berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv.</p> <p>Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og jobbe målretta med skriftspråk, dialekt- og talemål.</p>

Hovudmål 4: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
Innbyggjarane i Alver har ein meiningsfylt og aktiv kvardag.	<p>Vi skal ha aktivitetar, tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta, og førebyggjer utanforskap.</p>
Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst.	<p>Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaer der born og unge deltar.</p> <p>Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid og koordinering.</p> <p>Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og leggje til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling.</p>

Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader.	<p>Vi skal bidra til at innbyggjarar med ulike behov og utfordringar får eit bustadtilbod.</p> <p>Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging.</p>
Innbyggjarane i Alver har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik.	<p>Vi skal sikre at flest mogleg kan bidra i arbeidslivet.</p> <p>Vi skal bidra til at utsette born og unge og deira familiær får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.</p> <p>Vi skal bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem.</p>
Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov.	<p>Vi skal involvere innbyggjarane i utviklinga av kommunen og dei kommunale tenestene.</p> <p>Vi skal samarbeide på tvers av fagområde for å koordinere tenester.</p> <p>Vi skal vere ein imøtekommende og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester.</p> <p>Vi skal ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpsløysingar.</p>

5.3 Slik skal vi jobbe for å nå måla

Alver kommune er ein politisk styrt organisasjon med over 2500 tilsette. For å sikre at vi leverer gode tenester på ein berekraftig måte, må vi – både tilsette og politikarar – heile tida leite etter nye og betre måtar å løyse oppgåvene våre på.

Dette vil vi oppnå (mål)	Slik skal vi gjere det (vegval)
<p>Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert organisasjon.</p> <p>.....</p>	<p>Vi skal ha ein kultur der leiarar og tilsette tar ansvar for å utvikle tenester og organisasjon.</p> <p>Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver.</p> <p>Vi skal ha ein heiltidskultur, der hovudregelen er heile stillingar.</p> <p>Vi skal sette innbyggjarane i sentrum, forenkle arbeidsprosessar og bruke teknologi/digitalisering til å utvikle tenester og organisasjonen.</p> <p>Vi skal ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø.</p>

6. Prinsipp for arealbruk

6.1 Innleiing

Dette kapittelet er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplan for Alver, og presenterer prinsipp for arealbruken. Prinsippa viser korleis vi fysisk skal utvikle kommunen vår og avklarer sentrale omgrep. Prinsippa i dette kapittelet er ikkje juridisk bindande, men er eit grunnlag for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

6.2 Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging er eit overordna styringsdokument for kommunane. Føremålet med retningslinja er å skape berekraftige og attraktive byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Samordninga skal også sikre ei meir samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursane, ved å redusere behovet for store private og offentlege investeringar i infrastruktur og forenkle tenesteproduksjonen til kommunen.

Prinsipp for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging i Alver:

- Vi skal samordne utbyggingsmønster og transportsystem, slik at vi reduserer behovet for transport og legg til rette for meir bruk av klima- og miljøvennlige transportformer.
- Vi skal vurdere potensiale for fortetting, utviding og transformasjon av eksisterande bebygde areal, før vi opnar for utbygging av nye område.
- Vi skal sørge for at ny utbygging er tilpassa eksisterande og/eller planlagt kapasitet på offentlege tenester, tilbod og teknisk infrastruktur.
- Vi skal ta omsyn til grøntstruktur, forsvarleg handtering av overvatn, naturmangfold, matjord, kulturminne, kulturmiljø og estetiske kvaliteter.
- Vi skal legge til rette for at fleire kan gå og bruke sykkel i kommunen, og etablere samanhengande gang- og sykkeltilbod i og rundt sentera.
- Vi skal ta særleg omsyn til innbyggjarar som har låg mobilitet.
- Vi skal legge vekt på effektiv og sikker trafikkavvikling i planlegginga.

Prinsipp for bustadutvikling

Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra våre. I tillegg ønskjer vi å ta vare på og styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og skal legge til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Følgjande prinsipp er viktige for å sikre kvalitet i bumiljøa våre:

- Vi skal vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande bustadområde, framfor å etablere nye bustadområde på ubebygd areal.
- Vi skal stille følgjande kvalitettskrav til bustadområde:
 - Vektlegging av barn og unge sitt oppvekstmiljø
 - Nærtur, tursti, møteplassar og samanhengande grøntstruktur
 - Samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
 - Offentleg vass- og avløpsanlegg eller godkjente private anlegg
 - Universell utforming
- Vi skal stille følgjande kvalitettskrav til spreidd busetnad:
 - Vi skal legge til rette for ei bustadutvikling som støtter opp om bygdene.
 - Vi skal legge til rette for at ny utvikling i hovudsak skal skje i tilknyting til eksisterande bebygde areal, skule og barnehage
 - Vi skal sikre at utbygginga er lokalt tilpassa med omsyn til høgde og utnyttingsgrad.
 - Vi skal sikre at ny utbygging tar vare på kvalitetane i området.
 - Vi skal sikre at ny utbygging ikkje bygger ned areal med aktivt landbruk og verdifulle kulturmiljø.
 - Vi skal legge til rette for at ein kan etablere bustadhus nr to på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte.

Prinsipp for næringsutvikling

Næringslivet i Alver har ein etablert geografisk struktur, med eit tyngdepunkt på Mongstad og ved Fensfjordbassenget. Mål for næringsutviklinga skal vidareutvikle og forbetra næringslivet vårt sin posisjon inn i framtida. For å nå måla skal videre utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal som hovudprinsipp vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande næringsområde, framfor å etablere nye næringsområde på ubebygd areal.

- Vi skal ivareta og styrke etablerte næringsområde, med tilrettelagt infrastruktur (veg, vann og avløp med meir).
- Vi skal i hovudsak legge kontorarbeidsplassar til region- og lokalsentera.
- Vi skal ivareta og styrke etablerte landbruksområde.

Prinsipp for offentlege tenester/tilbod

Hovedtyngda av tenester og tilbod i Alver kommune ligg i dei definerte sentera og i tilknyting til skulane. For at flest mogleg skal ha nytte av idrettsanlegg og andre fritids- og kulturtildelinger, må tilboden vere der folk bur. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal legge til rette for at offentlege tenester og tilbod i hovudsak vert lokalisert slik at det bygger opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter.

Prinsipp for strandsoneforvaltninga

Alver kommune har ei lang kystlinje, og store deler av kommunen har geografisk nærliek til sjø. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø, og legge til rette for verdiskaping i sjøområda.
- Vi skal sikre ålmenta sin tilgang til sjø ved tiltak i strandsona.
- Vi skal legge kartlegging av den funksjonelle strandsona til grunn, ved planlegging av tiltak i sjønære områder.

6.3 Prinsipp for senterutvikling

Senterstruktur i Alver

Eit senter er eit geografisk område med ulike funksjonar som offentlege og private tenester, handel og bustad, som fungerer som eit knutepunkt til eit omland. Kor sentera skal vere blir bestemt i regional og/eller kommunal plan. Sentera blir plassert i eit hierarki (ulike senternivå) på bakgrunn av innbyggjartal og kva for servicenivå kvart senter skal kunne tilby.

Intensjonsavtalen til Alver kommune vedtok ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, og Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet, Vikebø og Bøvågen som lokal- og nærsenter. Våren 2021 vart arbeidet med

moglegheitsstudien for lokal- og nærsentra i Alver avslutta. Studien ga ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tredeling på senterstrukturen (i tråd med føring i Regional plan for attraktive senter) for dei sju sentera som er definert i intensjonsavtalen til Alver kommune:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet
- Nærcenter: Vikebø og Bøvågen

Når vi bestemmer oss for å dele senterstrukturen i tre, har vi behov for ei ny vurdering av talet på nærsenter. Alver er ein stor kommune i areal, busetjingsmønsteret er spreidd, med eit tyngdepunkt for busetnad i aksen Frekhaug-Knarvik-Alversund. Det er mange bygder som har tilsvarende tenestetilbod som Vikebø og Bøvågen, og deler av kommunen som ikkje har nærliek til nokre av dei sju sentera som er lista opp over.

Intensjonen med å fastsette ein ny senterstruktur, med fleire nærsenter, er å få ein senterstruktur som er tilpassa busetningsmønsteret i kommunen, gjev flest mogleg av innbyggjarane i kommunen nærliek til eit senter, samstundes som det samla talet på senter ikkje vert for høgt.

Basert på vurderinga av nye nærsenter opp i mot fastsette kriterier, i vedlagte rapport, er det lagt inn tre nye nærsenter. Med denne senterstrukturen bur 80 % av innbyggjarane i Alver innanfor ein 5 km radius til eit definert senter.

Ny senterstruktur i Alver kommune:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet
- Nærcenter: Vikebø, Bøvågen, Myking, Alversund og Seim



Senterstruktur i Alver

Vurderinga som ligg til grunn for den nye senterstrukturen er omtalt i vedlagte rapport, *Senterstruktur i Alver-Siling* og *tilråding*.

Definisjon av sentera i senterhierarkiet

Eit senter bør innehalde dei viktigaste funksjonane som innbyggjarane treng i kvardagen. Det vil vere ulike tilbod på dei ulike nivåa i senterstrukturen.

Eit regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Eit regionsenter skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan vente å finne i alle kommunar. Vi reknar ein times køyretid som ein rimeleg avstand frå bustad til regionsenter. Knarvik er regionsenter for Alver og kommunane Modalen, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

Kommunesenter er administrasjonscenteret i ein kommune. I Alver er Knarvik kommune- og regionsenter.

Lokalsenter har ulike funksjonar, handel og tenester, idrett- og kulturtilbod som er dimensjonert for eit større lokalområde i kommunen. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel og har fleire funksjonar enn eit nærsenter.

Nærcenter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet.

Daglegvarehandel inntil 3000 m² kan bli lokalisert utanfor sentera i område med høg bustadkonsentrasjon og i tilknyting til bygdene. Handel, der vareutvalet i hovudsak er store varer, som biler, båtar, landbruksmaskiner, trelast, byggevarer og hagesenter, er ikkje rekna med i dei tillatte handelsareaala i sentera.

Kvalitetar i sentera

Satsinga på å utvikle levande og attraktive sentera med varierte butilbod, gang- og sykkelsamband, møteplassar og kvalitet på lokale tilbod (handel, tenester og fritid) er ein styrke både for dei som bur i sentera og for innbyggjarane som bur utanfor, og nyttar sentera til ulike tenester og tilbod.

For å nå måla for vidare utvikling tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal samle sentrumsfunksjonane, slik at dei er tilgjengeleg for fleire.
- Vi skal sikre at lokalisering av nye bygg og funksjonar bygger opp under eksisterande kvalitetar.
- Vi skal legge til rette for fleirfunksjonelle områder – «liv i sentrum» og sambruk.
- Vi skal legge til rette for varierte bustadtypar i alle sentera, gjerne nær til og i sentrum.
- Vi skal legge til rette for at sentera skal ha samanhengande grøntstruktur; nærtur, tursti, torg og møteplassar, samt gode kopplingar til tursti/friluftsområdar utanfor sentera.
- Vi skal legge til rette for at sentera skal ha samanhengande gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel).
- Vi skal stille krav til estetikk/arkitektur.
- Vi skal primært ha offentlege vass- og avløpsanlegg.

Kompakt senterutvikling (Fortetting i eit Alver-perspektiv)

Funksjonane må vere mest mogleg samla for å sikre at sentera blir gode møteplassar. Med ein meir kompakt utforming av sentera styrker vi næringsgrunnlaget for handel. Vi opnar opp for sambruk av funksjonar og parkering, fleire kan gå eller sykle, og grunnlag for nye funksjonar vi elles ikkje ville fått.

Prinsipp for avgrensing av sentera og sentrumsfunksjonane:

- Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområder kjem innanfor vekstssona:
 - 1 til 2 km frå haldeplass i sentrum.
- Vi skal definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter for å samle fellesfunksjonene i kompakte og fleirfunksjonelle senterområde. Sentrumsutstrekkinga skal vere tilpassa eksisterande funksjonar og reguleringsplaner.
 - ca 200 m radius, rundt eksisterande sentrum, i lokal- og nærsentera.
 - ca 600 m radius, rundt eksisterande sentrum, i regionsenteret.
- Vi skal sikre at ny detaljhandel lokaliserast innanfor sentrumsavgrensinga.
- Vi skal sikre at funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekkinga, med unntak av arealkrevjande aktivitet, til dømes idrett.
- Vi skal legge til rette for at hovuddelen av ny bustadutvikling i delområdet bør skje innanfor lokal vekstsone.
- Vi skal legge til rette for sambruk av parkeringsplassar for å redusere arealbruk (til parkering).
- Vi skal legge til rette for sambruk og på den måten få fleire funksjonar på staden.

6.4 Prinsipp for klimavenlege transportløysingar

Prinsipp for sykkel og gange

For å sikre at innbyggjarane våre i større grad kan gå og bruke sykkel til sine daglege reiser, er utbygging av infrastrukturen viktig. Standarden for gang- og sykkelnettet må tilpassast lokalt. I nokre områder kan tilbodet for gåande og syklande vere i blanda trafikk, mens det i andre områder bør vere separate anlegg for gåande og syklande.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal etablere samanhengande tilbod for gåande i gåavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere samanhengande tilbod for syklande i sykkelavstand frå sentrum i dei definerte sentera.
- Vi skal etablere trygge skulevegar for gåande og syklande (Per 2021 har elevar som bur meir enn 4 km frå skulen rett på skuleskyss, difor reknast 4 km frå skular som skuleveg).
- Vi skal sikre gang- og sykkelveg i planlegginga av bumiljø.
- Vi skal ha sykkelparkering ved viktige målepunkt, til dømes ved kollektivknutepunkt og skule.
- Vi skal ha garderober og plass til enkel sykkelstell for tilsette i offentlege bygg.

Kollektivknutepunkt og hovudaksar for kollektivtransport

Frå sentera i Alver, inn mot Knarvik og til Bergen, er det potensiale for at kollektivtransporten kan vere eit alternativ til personbiltransport. Vidare satsing på sentera i Alver vil styrke dette.

For å nå måla tar vi utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Vi skal sikre at sentera i Alver er knutepunkt for kollektivtransport.
- Vi skal ha knutepunkt for kollektiv der mange bur og ferdist.
- Vi skal lette til rette for innfartsparkering i nærleiken av kollektivknutepunkt eller langs ein kollektivstamveg.

Infrastruktur til nullutsleppssamfunnet

Til reiser der det ikke er mogleg å gå, bruke sykkel eller ta kollektivtransport, er det avgjerende å legge til rette for at vi kan køyre el-bil i heile kommunen.

For å nå måla skal vi ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

- Når vi planlegg, bør vi legge til rette for at det kan etablerast offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy, særleg i definerte senter.

6.5 Oppfølgingsoppgåver i kommuneplanen sin arealdel

Planprogrammet til arealdelen skal avklare kva tema som skal vurderast i planarbeidet. Følgjande tema er konkrete oppfølgingsoppgåver frå samfunnsdelen, og er ikkje ei uttømmande liste over alt som skal vurderast i arbeidet med arealdelen.

Tema vi skal sjå nærmere på og ta stilling til i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

- Vurdere tilbakeføring av uregulert og regulert bustadareal, som ikkje er realisert, til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF).
- Fastsette lokal vekstsone for alle definerte senter.
- Fastsette sentrumsutstrekning for alle definerte senter.
- Fastsette regional vekstsone.